

Planføresetnader for Internasjonalisering

Nasjonale føringar

I dei nasjonale styringsdokumenta blir det slått fast at internasjonalisering skal vere eitt aspekt ved all opplæring.

I **Opplæringslova** seier ein at: *Opplæringa skal fremje menneskeleg likeverd og likestilling, åndsfridom og toleranse, økologisk forståing og internasjonalt medansvar.*

(Opplæringslova § 1-2)

I **Kunnskapsløftet** – generell del er det uttalt at eleven/lærlingen gjennom opplæringa skal utvikle eit globalt perspektiv, tverrkulturelle kommunikasjonsferdigheiter og internasjonalt medansvar. Det heiter m.a:

Det blir ustanselig bygd nettverk av kunnskap som bind organisasjonar og bedrifter, land og kontinent saman. Noregs evne til å gjere seg gjeldande og kome med i dei for å utvikle velferd og bevare miljø, avheng av dei bidrag landet kan yte internasjonalt. Det krev også god kunnskap om andre lands kultur og språk.

(Kunnskapsløftet generell del, s. 28)

Metodisk veiledning internasjonalisering utdjupar dette ved å seie at:

Skolens/bedriftens oppgave er ikke bare å orientere elevene/lærlingene om verden utenfor, men også å gjøre dem i stand til å fungere der og forholde seg til verdenssituasjonen. ...

Elevene/lærlingene skal utvikle evnen til å møte verden, ikke bare tilpasse seg den, men også påvirke den gjennom demokratiske prosesser, endre på det som er feil, og snu utviklingen i en bedre retning.

(Metodisk veiledning s.1)

Stortingsmelding nr 30, Kultur for læring.

Departementet strekar under betydninga av internasjonalisering av opplæringa. I meldinga legg ein særleg vekt på utveksling og hospitering. Det heiter m.a. at: *Departementet ønsker å gjøre ordningen med utveksling av enkeltelever gjennom godkjente utdanningsorganisasjoner permanent under forutsetning av at utvekslings-organisasjonene og skolene i Norge får større ansvar for kvalitetsikring av opplæringen i utlandet.*

Det er vist til allereie velfungerande ordningar for utveksling innafor allmennfaga, og ein er oppteken av at utveksling får sterkare aktualitet for yrkesfaga. Ein seier: *Samtidig er det behov for en større dreining mot yrkesfagene, som i dag utgjør et klart mindretal av utvekslingen. En bedre balansering av yrkesfaglige og allmennfaglige elevgrupper kan ivaretas ved at fylkesmennesenes utdanningsavdelinger i valget av skoler sikrer en slik balanse.*

Elles inneheld læreplanene i svært mange fag krav om å halde fram det internasjonale perspektivet, sjå vedlegget internasjonalisering i læreplanar.

St.meld. nr. 14 Internasjonalisering av utdanning (2008-2009).

Departementet seier i Stortingsmeldinga sitt punkt 1: *«Utdanning skal legge grunnlaget for at både institusjoner og mennesker kan møte utfordringer og muligheter som følger med globalisering og økt internasjonal samhandling.»*

Begrepsavklaring i boks 1.1 definerer internasjonalisering slik: «*Internasjonalisering er utveksling av ideer, kunnskap, varer og tjenester mellom nasjoner over etablerte landegrensar og har følgelig enkeltlandet som ståsted og perspektiv. Innenfor utdanning vil internasjonalisering være prosessen med å integrere en internasjonal, interkulturell og global dimensjon i mål, organisasjon og handling.*»

I kapittel 3 Internasjonalisering av grunnopplæring er det sagt «*I dag er det behov for å øke erkjennelsen av den betydningen internasjonalisering i grunnopplæringen må ha, for at det skal danne grunnlag for den enkeltes læring senere i livsløpet. Dette gjelder både opplæring i enkelte fag, som for eksempel i fremmedspråk eller samfunnsfag, og hele skolens virksomhet med holdningsskapende arbeid og elevenes dannelse som mål.*»

Fylkeskommunale føringar

God – betre – best Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015 Handlingsprogram

Gjennomføringsstrategi 3.3.3-3: Støtte opp under internasjonaliseringstiltak som skjer i regi av både skular og bedrifter

Revidere handlingsplan for internasjonalisering

Revidere handlingsplan for internasjonalisering på skulane som del av utviklingsplanen

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin internasjonal strategi (2014 til 2017)

Strategidokumentet seier at det internasjonale arbeidet skal:

- Fremje Sogn og Fjordane sine interesser på internasjonale arenaer
- Gjennom internasjonalt arbeid bidra til å løyse felles utfordringar som er definert i overordna planar og strategiar for Sogn og Fjordane
- Gje ungdom internasjonal kompetanse, kulturforståing og erfaring

Ungdom og opplæring er utpeika som eit eige satsingsområde i strategidokumentet